



**DET KONGELIGE  
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT**

*Statsråden*

Stortingets President  
Karl Johansgt 22  
0026 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.

Dato

20/3215-

20. oktober 2020

**Svar på skriftleg spørsmål nr. 115 frå stortingsrepresentant Kjell-Børge Freiberg - Oversikt over kommunar med størst prosentvis verna areal**

Eg viser til brev av 13.oktober 2020 frå Stortinget sitt presidentskap vedlagt spørsmål nr. 115 frå stortingsrepresentanten Kjell-Børge Freiberg. Spørsmålet lyder:

*"Kan statsråden gi meg en oversikt over de 10 kommunene med størst prosentvis vern i forhold til kommunens areal, og hvilken type vern som er vedtatt."*

Svar:

Spørsmålet var retta til kommunal- og moderniseringsministeren. Ansvar for verna område i medhald av naturmangfaldlova ligg i Klima- og miljødepartementet. Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Klima- og miljødepartementet legg til grunn at det er dette spørsmålet handlar om. Eg vil difor svare på spørsmålet. For ordens skyld vil eg legge til at areal også kan vere underlagt restriksjonar etter anna lovverk. Til dømes gjennom arealplanar etter plan- og bygningslova. Tala som går fram av svaret her gjeld vern etter naturmangfaldlova.

Oversikta under viser kva for kommunar som har størst prosentvis del verneareal både på land og i sjø innafor 12 nautiske mil og kva for vernekategori det er tale om. Tala er per 31.12.2019 og baserer seg på SSB Statistikkbanken per 2019 og Kartverket sin arealstatistikk for Noreg 1994-2019.

Følgjande ti kommunar har størst prosentvis verna areal på land:

Kommune	Prosentdel vern landareal	Nasjonalpark	Natur- reservat	Landskapsvern- område	Anna
Lesja	77,4	55,9		21,5	
Dovre	74,6	52,1	2,2	20,3	
Skjåk	73,9	66,1	0,9	6,9	
Vardø	70,7	50,1	5,6	15,0	
Båtsfjord	69,2	48,1	9,9	11,2	
Sunndal	67,8	33,4	1,0	28,9	4,5
Lyngen	67,8		0,3	67,5	
Saltdal	63,8	40,4	1,9	21,5	
Bykle	62,4		1,8	58,3	2,3
Ullensvang	61,8	61,6	0,2		

Følgjande ti kommunar har størst prosentvis verna areal i sjø:

Kommune	Prosentdel vern sjøareal	Nasjonalpark	Natur- reservat	Landskapsvern- område	Marint vern	Anna
Melhus	107,7*		49,3		58,4	
Arendal	72,7	72,7				
Aurland	69,5			69,5		
Hvaler	65,8	65,7				0,1
Stranda	53,9		0,1	53,8		
Færder	43,1	43,0				
Målselv	30,9		30,9			
Fredrikstad	28,6	21,9	6,6			0,1
Frosta	23,7		1,4		15,1	7,2
Råde	22,0		7,8	14,1		0,1

\*I Melhus kommune er ca 2 kvadratkilometer i utløpet av elva Gaula verna som naturreservat og Gaulosen marine verneområde. Tabellen viser at 107,7 % av sjøarealet i Melhus er verna. Dette heng saman med at det truleg er nytta to ulike definisjonar av grensa mellom sjø og elv av SSB og Kartverket. Det er altså ikkje verna meir enn 100 prosent av sjøarealet der Gaula renn ut i Melhus kommune.

Med helsing



Sveinung Rotevatn